

«Meg sjølv som helsefagarbeidar»

Tverrfagleg samarbeid mellom norsk og programfag, Vg2 helsefagarbeidar.

Opplegget er lett å overføre til andre fagområde.

Øving på dei grunnleggande ferdigheitene:

Elevane skal øve på å uttrykke seg skriftleg.



Kort presentasjon av opplegget:

Elevane skal skrive ein kreativ tekst der dei ser føre seg ein vanleg arbeidsdag i framtida.

Dei skal fortelje om:

- ulike arbeidsoppgåver
- refleksjonar rundt opplevingar, både dei gode og vanskelege
- korleis kunnskap om kommunikasjon og toleranse vert utfordra

Forslag til gjennomføring:

Dette er ei fin oppgåve å starte skuleåret med. I dei første haustvekenene er fokuset helsefagarbeidaren som profesjonell yrkesutøvar, og dei ulike oppgåvene ein kan forvente å stå overfor. Elevane får her muligheita til å «drøyme seg bort» til ein typisk arbeidsdag nokre år fram i tid. Ein får eit godt innblikk i kvar elevane står både i modning, kunnskapar og i evna til å reflektere og sjå samanhengar. I tillegg gir tekstane norsklæraren eit godt inntrykk av den einskilde sine styrker og utfordringar i skriftleg framstilling.

• **Programfag (KS og YØ)**

Elevane får kunnskap om dei mest aktuelle arbeidsplassane for ein helsefagarbeidar.

Lærebøkene i programfaga har kapittel om dette. Elevane har gruppearbeid om dei ulike mulegheitene med framføring.

• **Norsk:**

Norsklærer går gjennom oppgåveteksten før elevane startar med ei førskrivingsøkt. Vidare les læraren ein modelltekst, og deretter startar elevane på sjølve forteljninga.

Førskrivingsoppgåver:

- Eg arbeider på
- Brukarane mine er
- Hovudoppgåvene mine er

Skriv i fem minutt. Les tekstane høgt i grupper på tre. Klassesamtale rundt idèane i etterkant.

Modelltekst: sjå link/vedlegg

Sluttproduktet/oppgåvetekst:

Sjå for deg at du er ferdig med utdanninga di, og du har no fått deg den jobben du ønsker deg.....

Skriv ei praksisforteljing frå ein helt vanleg arbeidsdag. Start med å fortelje om kvar du jobbar og litt om denne arbeidsplassen. Vidare skriv du om dei ulike oppgåvene du har i løpet av denne dagen. Det er viktig at du stoppar opp og reflekterer rundt nokre av opplevingane dine, både dei gode og dei vanskelege. Dette kan for eksempel vere noko du erfarer i forhold til samarbeid med kollegaer eller i møte med brukarar og pårørande. Du må òg seie noko om korleis kunnskapane dine om kommunikasjon og toleranse vert utfordra i løpet av ein helt vanleg dag.

Du må gjerne bruke egne erfaringar eller historier du har lese eller høyrd fortalt. Du kan òg gjerne trekke inn kunnskapar frå det du lærte i PTF i fjor. Elles kan du dikte heilt fritt.

Vurdering:

I dette tverrfaglege undervisningsopplegget arbeider ein med fleire læreplanmål i både norsk og programfaget. Elevane kan få ei vurdering med godkjent/ikkje godkjent i begge fag.

Lærarane blir einige om vurderingskriteria med utgangspunkt i føringane i oppgåveteksten.

Læreplanmål:

Kompetansemål frå yrkesutøvelse:

- *drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren*

Kompetansemål frå kommunikasjon og samhandling:

- *drøfte ulike former for kommunikasjon og gjør rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit*

Kompetansemål frå norsk:

- *mestre ulike skriveroller som finnes i skole, samfunn og arbeidsliv*

Nivå: Vg2 helsearbeiderfaget	Skrifttype: Times New Roman/Arial
Fag: Tverrfaglig (KS, YØ og norsk)	Skriftstørrelse: 12
Omfang: 3 skoletimer	Linjeavstand: 1 1/2
Vurdering: Godkjent/ikke godkjent	

«Meg selv som helsefagarbeider om 10 år»

Se for deg at du er ferdig med utdanningen din,

og du har nå fått deg den jobben du ønsker deg.....

Oppgave:

Skriv en praksisfortelling fra en helt vanlig arbeidsdag. Start med å fortelle om hvor du jobber og litt om denne arbeidsplassen. Videre skriver du om de ulike oppgavene du har i løpet av denne dagen. Det er viktig at du stopper opp og reflekterer rundt noen av dine opplevelser, både de gode og de vanskelige. Dette kan for eksempel være noe du erfarer i forhold til samarbeid med kollegaer eller i møte med brukere og pårørende. Du må også si noe om hvordan kunnskapene dine om kommunikasjon og toleranse blir utfordret i løpet av en helt vanlig dag.

I denne oppgaven kan du trekke inn egne erfaringer og historier du har lest eller hørt fortalt. Du kan også gjerne trekke inn kunnskaper fra det du lærte i PTF i fjor. Ellers kan du dikte helt fritt.

Kompetansemål fra yrkesutøvelse:

- *drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren*

Kompetansemål fra kommunikasjon og samhandling:

- *drøfte ulike former for kommunikasjon og gjør rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit*

Kompetansemål fra norsk:

- *mestre ulike skriveroller som finnes i skole, samfunn og arbeidsliv*